

# Rovmiddar (Phytoseiidae) på frilandsvekstar i Norge

TORGEIR EDLAND

Edland, T.: Rovmiddar (Phytoseiidae) på frilandsvekstar i Norge. [Predacious mites (Phytoseiidae) on field grown plants in Norway.] – Ent. Tidskr. 108: 21–22. Umeå, Sweden 1987. ISSN 0013-886x.

In 1984–85, samples from cultivated and wild plants were collected from 11 counties in South Norway and examined for mites. Phytoseiid mites were recorded from 70 different plant species. The c. 2100 mite specimens examined belong to 30–40 different species within 9 genera: *Anthoseius*, *Amblyseius*, *Euseius*, *Kampimodromus*, *Paraseiulus*, *Phytoseius*, *Proprioseiopsis*, *Seiulus* and *Typhlodromus*. The 7 most abundant species represented more than 75 % of the total number of specimens, and occurred on 15–28 different plants. Other phytoseiid species (not all identified), were scarce and only collected from very few plant species. This investigation shows that phytoseiid species are common and widely distributed in South Norway.

T. Edland, Norwegian Plant Protection Institute, Department of Entomology, Box 70, N-1432 Ås-NHL, Norway.

Rovmiddartene er lite undersøkte i Norge. I ein oversikt over publiserte middarter frå Norge (Mehl 1979) er det med berre to artar av familien Phytoseiidae: *Amblyseius jugurtus* Athias-Henriot og *Amblyseius obtusus* (Koch).

I 1984–85 blei det samla inn prøver frå ville og dyrka planter som blei undersøkte for midd. På dei fleste plantene blei det funne rovmidd. Forskjellige artar i familien Phytoseiidae blei registrerte på 70 ulike planteartar i 11 fylke i Sør-Norge. Dei ca 2100 dyra, som hittil er blitt undersøkte, fordelte seg på 9 slekter og mellom 30 og 40 artar. Mange artar førekom i svært lite tal, andre var talrike og synest å vere vanleg utbreidde. Sju artar utgjorde meir enn 75 % av det samla individtalet (Tab. 1).

Då det til nå ikkje har vore mogeleg å føreta sikker identifikasjon av alle dyra, vil ein detaljert artsoversikt bli publisert seinare. Nedanfor vil di for berre slektene og visse artar bli omtala.

*Anthoseius*. Av denne slekta blei det funne 5–7 artar. Den mest vanlege var *A. richteri* (Karg), som blei funne talrikt på m. a. usprøyta frukttre og nåletre (Conifera). Også *A. bakeri* (Garman) er funne på mange planteartar, men i mindre tal og i færre fylke. *A. rhenanus* (Oudemans) er registrert på 23 planteartar og synest vere vanleg utbreidd i heile Sør-Norge. Dei andre artene i denne slekta,

som ser ut til å stå nær *A. rhenanus*, har førekomme meir sjeldan.

*Amblyseius*. Dette var den mest artsrike slekta med over 10 forskjellige artar. Dei fleste av desse er funne på berre 1 eller 2 lokalitetar, i svært lite tal og på svært få planteartar. *A. obtusus* (Koch) var vanleg på tre planteartar i den svært verharde kystlinja på Jæren, Rogaland.

*Euseius*. Av denne fanst berre ei art, *E. finlandicus* (Oudemans). Det er den mest vanlege arta i Sør-Norge og blei registrert på 28 planteartar i 9 fylke. Meir enn 20 % av alle undersøkte dyr tilhøyrde denne arta.

*Kampimodromus*. Også av denne slekta fanst berre ei art, *K. aberrans* (Oudemans), som blei registrert på hassel i Akershus og Hordaland.

*Paraseiulus*. Tre artar blei registrerte. Av desse var *P. soleiger* (Ribaga) vidast utbreidd og førekom på i alt 18 planteartar. Den var særleg talrik på usprøyta epletre i enkelte fylke i Øst-Norge. *P. triporus* (Chant & Shaul) blei registrert frå 6 fylke på 5 planteartar, mens *P. talbii* (Athias-Henriot) blei funnen på eple og berre i Sogn.

*Phytoseius*. Av denne slekta blei det registrert to artar. *P. macropilis* (Banks) var både vanleg og ofte talrik mange stader i Sør-Norge. Den blei funnen på 15 planteartar, og syntest vere mest vanleg på rogn og eple. *P. ribagai* Athias-Henriot, blei

Tab. 1. Rovmiddar (Phytoseiidae) registrerte på ulike plantearter i forskjellige fylke i Norge, og mengda uttrykt i prosent av materialet (ca. 2100 dyr).

Predacious mites (Phytoseiidae) recorded on various plant species in different counties of Norway, and their abundance expressed as percentage of the total number examined (c. 2100 specimens).

Art/species	Tal plantearter No. of plant species	Tal fylke No. of counties	Prosent av samla individtalet Proportion (%) of total no. of individuals
<i>Euseius finlandicus</i> (Oudemans)	28	9	23,2
<i>Phytoseius macropiles</i> (Banks)	15	10	13,6
<i>Anthoseius richteri</i> (Karg)	20	6	10,8
<i>Paraseiulus soleiger</i> (Ribaga)	18	9	9,5
<i>Typhlodromus pyri</i> Scheuten	20	7	8,1
<i>Anthoseius rhenanus</i> (Oudemans)	23	8	7,4
<i>Anthoseius bakeri</i> (Garman)	16	4	3,9

registrert berre i Østfold, der den på to lokalitetar førekom talrikt på bjørnebær og vier.

*Proprioseiopsis*. Ei art, *P. okanagensis* (Chant) blei registrert av denne slekta. Den blei funnen på to plantearter, på Jæren i Rogaland og på Hardangervidda (1250 m. o. h.) i Hordaland.

*Seiulus*. Av denne slekta blei det registrert 3–4 arter. *S. aceri* (Collyer) blei funnen i størst tal, *S. tiliarum* (Oudemans) i berre nokre få eksemplar. Alle artene blei funne på få lokalitetar og på få plantearter.

*Typhlodromus*. *T. pyri* Scheuten var vanleg utbreidd i heile Sør-Norge og førekom på 20 plan-

tearter. I denne slekta blei det dessutan funne 3–4 andre arter, som synest å stå nær *T. setubali* Dosse, men artene er ikkje sikkert identifiserte ennå.

Resultata frå denne undersøkinga viser at Phytoseiidae er ein mykje vanlegare middfamilie i Norge enn ein tidlegare rekna med. Vidare undersøkingar, også i nordlege delar av landet, er tvande for å få klarlagt denne faunaen i Norge.

#### Litteratur

Mehl, R. 1979. Checklist of Norwegian ticks and mites (Acari). – Fauna Norvegica Ser. B. 26: 31–45.

## Bidrag till yngre entomologer ur Maria och Thure Palms stipendiefond

Under 1978 erhöill Entomologiska föreningen i Stockholm en donation som lett till instiftandet av en fond benämnd Maria och Thure Palms stipendiefond.

Räntemedel ur fonden (i år minst 10 000 kr) utdelas till yngre entomologer för att uppmuntra dem till självständigt arbete rörande insekter. Bidragen är avsedda för skolgång samt för studerande vid universiteten, vilka ännu inte avslutat grundutbildningen i biologi eller nyligen påbörjat forskarstudier.

Noggrann plan erfordras rörande den entomologiska undersökningen vartill medel söks. Kostnadskalkyl skall bifogas, liksom också yt-

trande över eleven från handledare, läraren i naturkunskap eller motsvarande. Före kalenderårets slut skall bidragsinnehavaren inge skriftlig rapport om utfört arbete till Entomologiska föreningen i Stockholm.

Ansökan om bidrag för 1987 inlämnas senast den 15 april till Entomologiska föreningen i Stockholm under adress:

Entomologiska föreningen  
Naturhistoriska riksmuseet  
Box 50007  
104 05 Stockholm